

# Hyttefritt i Røyrlid



Landbruksstyresmaktene vil verna innmark og beite. Fylkesmannen vil ha meir omsyn til ålmenta og natur.

ÅSMUND SOLDAL

Fylkesmannen går mot reguleringsplanen for 25 hytter på innmarka til den nedlagde garden Røyrlid på Kvamskogen.

– Planen tek ikkje nok omsyn til friluftslivet og opnar for ny vegbygging, heiter det i ei fråsegn.

Fylkeslandbruksstyret i Hordaland seier seg elles samd med landbruksdirektøren og stiller seg avvisande til at garden skal byggjast ned.

– Ei slik utbygging av innmarksareala i Røyrlid til hytteføremål er ikkje ein forsvarleg arealbruk, vedtok fylkeslandbruksstyret mot ei røyst.

Kvemmingen Martin Vik (Sp) var den einaste som røysta for planen.

Landbruksstyret byggjer avslaget både på omsyn til jordvern, beiteinteresser, kulturlandskap og generelle grønne verdiar i planområdet.

Dersom planen likevel vert fremja, varslar landbruksstyresmaktene motsegn.

Fylkesmannen på si side meiner Kvamskogen er eit svært viktig friluftsområde med høgt utbyggingspress. Han krev at planar om ny utbygging må samavara med overordna planar som ser utviklinga på Kvamskogen under eitt.

– Kommunen er i gang med å lage ein kommunedelplan. I mellomtida er det viktig at enkeltplanar ikkje fører til skadar for natur og friluftsliv, seier han.

På gjeldande plankart er Røyrlid tiltenkt ei framtid som skiarena, men dette skal ikkje lenger vera aktuelt. Fylkesmannen meiner også at utkastet til hyttefelt har altfor høg utnyttingsgrad. I ei varsla motsegn kjem han til å protestera på det han meiner er utilstrekkeleg omsyn til skiløyper og allmenn ferdsle, nye vegar, omfang og manglande kantsoner mot elva Røyro.